

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	31.10.2018	094/18

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Ole Marius Sve Hagen	Arkiv: K2 - L12	Arkivsaknr 17/1403

Detaljregulering Sløgstadmarka

Rådmannen si tilråding:

1. Detaljregulering for Sløgstadmarka blir lagt ut til offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10.
2. Rådmannen skal før sluttbehandlinga i fast utval for plansaker sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

31.10.2018 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA- 094/18 Vedtak:

1. Detaljregulering for Sløgstadmarka blir lagt ut til offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10.
2. Rådmannen skal før sluttbehandlinga i fast utval for plansaker sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

SAKSUTGREIING

Samandrag

Stranda kommune ynskjer å regulere vegstrekninga langs fv.60 i Sløgstadmarka. For å få ei best mogleg utvikling av området har det vore ein lengre prosess mellom forslagsstillar og fleire aktørar for å komme fram til korleis ein på best mogleg måte kan utvikle området. Små endringar med tilkomst til vegstrekninga er planlagt samt va-anlegg.

Planforslaget

Forslag til detaljregulering for Sløgstadmarka er motteke frå Stranda kommune. Planforslaget som skal behandlast, består av:

- plankart i målestokk 1:1500, datert 20.08.2018
- reguleringsføresegner datert 20.08.2018

Formålet med reguleringa

Formålet med reguleringa er å leggje til rette for å få bygd gang- og sykkelveg langs del av fv.60 frå eksisterande gangveg i nord til detaljreguleringsplan for Korsbakken i sør.

Planen vil legge til rette for:

- Trafikktryggingstiltak:
 - Betre avkøyrslar
 - Betre miljø og tryggleik for mjuke trafikkantar

- Vidareføring av kommunalt VA-leidningsnett frå nord i fortau

Eigedomshforhold

Heimelshavarar i området er eigedomane gnr./bnr 53/203 Stranda Autosenter AS, 53/59 Emte Åslaug Engeset, 53/45 Morten og Trude Helen Rolfsen, 53/213 Vidar Skogly, 53/217 Bernt Sigmund Fagerstrøm, 53/145 Guido Sandberg.

Forhold til overordna planar

Detaljplan GS Sløgstadmarka er delvis i samsvar med kommunedelplan Stranda sentrum, planområdet ligg langs samferdselline i planen.

Planforslaget medføre ei omdisponering av LNF - område på om lag 13,5 dekar.

Innkome merknader til planoppstart

I samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova varsla Stranda kommune alle partar som planen påverkar om oppstarten av planarbeidet i brev 11.01.2018 og kunngjorde det i «Sunnmøringen» avis 11.01.2018. Det kom inn fem fråsegner totalt. Dei følgjer saka som vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte nedanfor.

Kommentar frå Statens vegvesen region midt,18.01.2018:

SVV er i utgangspunktet positiv til initiativet, dei ber likevel om at planlegging og realisering vert samordna i best mogleg grad ved gjennomgangen av økonomiplanen for fylkeskommunen. Samling av enkeltavkøyrslar til felles avkøyrslar må vurderast nærmare. Ein må også ta omsyn til ein funksjonell og føremålstenleg drift og vedlikehald av gangvegen og fylkesveg 60. Gangvegen som allereie er bygd lenger nord er i smalaste laget.

Sidan det er Møre og Romsdal fylkeskommune som formelt skal bygge gangvegen og Stranda kommune har signalisert behov for vidareføring av vass- og avlaupsleidningar i området ber vi om at det i føresegnene innarbeidast eit punkt om at før realisering må prosjektet vurderast med tanke på samordning av desse elementa. Ein vil då få avklart om det er tenleg å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda med tanke på ansvar og roller.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Teke til vitande. Det blir i føresegnene lagt inn rekkjefølgjekrav om samordning mellom fylkeskommunen og Stranda kommune før det kan utførast fysiske tiltak langs fv. 60.

Kommentar frå NVE Region Vest, 09.02.2018:

NVE viser til ein del verktøy som dei anbefala oss å bruke i planarbeidet.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Teke til vitande. Planen ligg innanfor område som har potensiell jord- og flaumskredfare. Det blir i planen ikkje lagt opp til endringar for bygningar med varig opphald. Ny gangveg vil truleg medføre noko auka trafikk av mjuke trafikantar. Det blir konkludert med at det ikkje er behov for å avklare jord- og flaumskred. Ved offentleg ettersyn må planen sendast NVE for uttale då det er potensial for jord- og flaumskred i planområdet.

Kommentar frå Emte Åslaug Engeset, 12.02.2018:

Som grunneigar for 53/59 stiller Engeset spørsmål om korleis krysset/avkøyrsl til fylkesvegen vil verte utforma, og om dette vil påverke framtidig tomteutnyttelse på eigendommen.

Vidare ynskjer Engeset skisser over korleis vann og avløpsrør er tenkt lagt over eigendommen.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Krysset blir om lag som bygd, men breidda på avkøyrsla blir redusert frå om lag 15 m til om lag 10, for å få meir oversiktleg kryss i samsvar med Statens vegvesen sine krav. Kryssutforminga vil ikkje påverke framtidig tomteutnytting av eigeodomen, men auka trafikk i avkøyrsla må avklarast med Statens vegvesen. Vass- og avlaupsleidningar vil bli lagt i fortau/gang- og sykkelvegen, slik det er gjort nord for planområdet i alt bygd fortau. Planområdet blir utvida til å femne om det arealet som parkeringsplassen til Stranda bil AS har utvida, med fyllingsfot. Når området er regulert vil det vere mogleg å dele frå arealet.

Kommentar frå Fylkesmann i Møre og Romsdal, 08.02.2018:

Dei stiller seg positive til å gjere strekninga tryggare for mjuke trafikantar.

Dei ber om at støytilhøva i reguleringsplanen avklarast.

Til slutt påpeikar dei at det må utarbeidast ein ROS-analyse for området, jf. plan og bygningslova § 4-3, og

at områder med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssoener, jf. plan og bygningsloven § 12-6.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Teke til vitande. Det ligg ikkje støyfølsame bygningar innanfor planområdet, og planen legg ikkje opp til endringar av trafikkmønster/endring av trafikk. Det blir difor vurdert at det ikkje er behov for å gjennomføre ei støytgreiing.

Kommentar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 14.02.2018:

Dei har ikkje vesentlege merknadar, men påpeikar at vegen er fylkeskommunal og at spørsmål om gjennomføring og finansiering må avklarast med samferdselsavdelinga.

Vurdering:

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av kommentarane ovanfor. Omfanget er ikkje stort, og merknadene bør kunne innarbeidast i planforslaget utan større problem.

Infrastruktur

Der ligg vassleidning vest for planområdet, og ei overvassleidning går gjennom planområdet. Det er i fortauet nord for planområdet ført fram nye VA-leidningar. Det går kraftline vest for planområdet i nord-sør retning.

Konsekvensutgreiing

Planforslaget er vurdert i samsvar med plan- og bygningslova kapittel VII «Konsekvensutredninger», med tilhøyrande forskrift. Tiltaket fell ikkje inn under oppfangskriteria i forskrifta og skal derfor ikkje konsekvensutgreiast.

Naturmangfaldslova

Planforslaget er vurdert i samsvar med naturmangfaldslova kapittel II. Der er ingen registreringar av truga dyreartar og der er heller ingen registrering av viktige naturtypar i miljødirektoratet sin naturdatabase.

Samla vurdering:

Det er ein ikkje oppstått interessekonflikt mellom forslagsstillar og berørte partar i saka. Vekt på trafikktryggleik er lagt til grunn for forslaget til vedtak i saka.

Planområdet er ein viktig lekk i å gjere det tryggare for mjuke trafikantar å ferdast langs fv. 60, spesielt strekningar som er skuleveg. Det er stor samfunnsnytte å redusere fare for ulykker.

Utbygging av fortau langs strekninga vil gje relativt små ulemper i høve føremonane med tiltaket.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen å sende planforslaget detaljregulering for Sløgstadmarka 17/1403 på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
21.08.2018	Detaljplan GS Sløgstadmarka - føresegener_2018.08.20	234115
21.08.2018	Detaljplan GS Sløgstadmarka - plankart_2018.08.20	234116
21.08.2018	Detaljplan GS Sløgstadmarka - planomtale_2018.08.20	234117
22.10.2018	Uttale - Emte Åslaus Engeset	237851
22.10.2018	Uttale - Fylkeskommune	237852
22.10.2018	Uttale - Fylkesmann	237853
22.10.2018	Uttale - NVE	237854
22.10.2018	Uttale - Statens vegvesen	237855

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Pbl:Plan- og bygningsloalova